



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

## Innsending av høringsuttalelse

Dato sendt: 26.05.2026 / 07:59  
Mottaker: Norges vassdrags- og energidirektorat  
Referansenummer: 970044288452

### Kontaktinformasjon

#### Informasjon om virksomheten

Organisasjonsnummer

**971363754**

Navn

**LÆRDAL FJELLSTYRE**

E-postadresse

*Du har ikke lagt inn informasjon her*

Telefonnummer

**57669222**

#### Informasjon om kontaktperson

Fornavn

**KENNETH**

Etternavn

**GRØTHE**

Telefonnummer

**+4790073896**

E-postadresse

**laerdal@fjellstyrene.no**

Er kontaktperson tilknyttet et annet foretak?

**Ja**

Organisasjonsnummer

**920651224**

Organisasjonsnavn

**LÆRDAL JEGER OG FISKARLAG**

## Saksopplysninger

Sakstittel

Revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget

Skriv inn høringsuttalelse

Lærdal fjellstyre merkar seg at Østfold Energi AS i sitt revisjonsdokument antydar ytterlegare avgrensing av anleggsvegen til Kvevatni i underkapittela om villrein på s. 84 - 88 og 94 - 96 - og dermed fjellområda som mellom anna Lærdal statsalmenning - som villreinsfremjande tiltak. Lærdal fjellstyre er sjølvstilt generelt positive til villreinsfremjande tiltak, og klar over at menneskeleg aktivitet i villreinområde uroar villrein. Me vil likevel påpeika følgjande:

- Aktiviteten som Lærdal fjellstyre forvaltar - pt fjellfiske, i framtida vonleg også rypejakt (me har hatt lokal fredning nokre år) og villreinjakt - er svært avgrensa både i mengd menneske som reiser til område for å utøva desse aktivitetane, og tidsrom aktiviteten går føre seg. Dei dagane det er mest aktivitet, typisk godvêrshelger, er det svært sjeldan meir enn eit 20-tals menneske som er i dette (store) området for å fiska. Og det er altså dei unntaksvis godvêrsdagane, jamt over er det nokre få fiskarar i fjellet gjennom sesongen, og enno færre når det er rypejakt. Reinsjakta kan somme dagar generera noko større aktivitet, men det er framleis temmeleg avgrensa. Dessutan er det snakk om ein kort sesong - fiskesesongen varar frå rundt 15.juli til 30.sept, men som regel med svært avgrensa aktivitet frå midten av september. Rypejakta har vanlegvis vore i tre veker frå 10.sept og ut månaden, og reinsjakta 20. aug - 20- sept. Sesongen for "vår aktivitet" er såleis over ca to månader, og når villreinen er på sitt mest robuste - med god klaring til både kalvinga og vinteren. Sett i høve til aktivitet som hyttefelt, skianlegg, merka og tungt marknadsførte turruter osv genererer i andre deler av Nordfjella villreinområde, og andre villreinområde, er altså vår aktivitet som forstyrrende element for villreinen særskildt i Nordfjella. I det heile er det ikkje særleg meir friluftaktivitet i Lærdal Statsalmenning i dag, enn tidlegare etter utbygginga. Truleg er det heller mindre (på grunn av "tidstrendar"), spesielt innanbygds brukarar av området.
- Kjennskap til og kunnskap om eit fjellområde som Lærdal statsalmenning - som er tilnærma urørt med unntak av nemnde kraftutbygging og nokre få små, heilt enkle hytter - er langt på veg "mangelvare" i den oppveksande generasjonen. Me registrerer ei "forgubbing" blant både fjellfiskarar, rype- og reinjagarar, spesielt lokalt. Folk som har eit nært forhold til denne typen friluftsliv og denne kulturen, blir også gjerne dei fremste forkjemparane for villrein-, rype- og fjellaureforvaltning - og dei blir gjerne dei fremste røystene mot øydeleggjande utbygging i fjellområde av ymse slag der pengemakta rå. Å vanskeleggjera tilgangen til eit område som Lærdal statsalmenning vil såleis indirekte ha langsiktige mindre heldige konsekvensar for m.a. villrein
- At anleggsvegen til Kvevatni tilgjengeleggjorde Lærdal statsalmenning og desse friluftslivsaktivitetane var i utbyggingstida framheva som ein av oppsidene med kraftutbygginga for lokalbefolkninga.
- I løpet av dei 50 åra etter utbygginga, so har den menneskelege aktiviteten i områda ikkje påverka bestandsmåla for villreinen og det har ikkje vore spesielle utfordringar med å nå desse måla - så lenge det var villrein i området. Kvifor skal aktiviteten brått påverka no? Og - dersom anleggsvegen til Kvevatnet og friluftslivsaktivitetar knytt til denne er hovudproblemet (jfr s.86 i revisjonsdokumentet), kvifor har dette området vorte svært mykje brukt av villreinen i Nordfjella i denne perioden?
- Gravdalen blir i revisjonsdokumentet framheva som eit spesielt kritisk område for villreinen ift menneskeleg aktivitet - då er det eit stort paradoks at regulanten har fått konsesjon til den pågåande utbygginga her - med dei nye installasjonane og framtidig menneskeleg aktivitet frå regulanten si side som følgjer med utbygginga. Regulanten peikar heilt i slutten av dokumentet på ei mogleg utbygging i Finnebuane - også eit område villreinen brukar mykje, og sett i i høve til regulanten sine formuleringar kring Gravdalen kan ein stilla store spørsmålsteikn kring ein evt konsesjon for utbygging av Finnebuane.

mvh

Lærdal Fjellstyre

Last opp vedlegg

*Du har ikke lagt inn informasjon her*